

Ullinsvin Vågå prestgard



gnr. 66

Av Knut Raastad, august 2023



Ullinsvin Vågå prestgard. Foto frå Kjell Andersen.

Ullinsvin – Vågå prestgard

Ullinsvin gnr. 66 bnr. 1. Prester i Vågå sogn.

Amund prest på Vågå vart nemnd i skinnbrev frå 1340.

Nicholaus Endidsson prest på Ullinsvin vart nemnd 1354.

Bærgswein Haraldsson vart nemnd som prest på Vågå i åra 1361 til 1366.

Sigurd prest på Vågå vart nemnd i 1369.

Gudleik Bjørnsson vart nemnd som prest på Vågå i 1383 og 1386.

Roland Gotskalksson vart nemnd som prest på Vågå i åra 1418 til 1443.

Paal Ericsson vart nemnd som sokneprest på Vågå i 1448 og 1449.

Laurens Andersson vart nemnd som sogneprest på Vågå i 1488 og 1491, i 1488 vart også nemnd Niels Andersson som prest på Vågå.

Peter Botolfsson vart nemnd som sogneprest på Vågå i 1521.

Magister Torstein vart nemnd som prest i 1542.

Herr Oluff, sogneprest på Vågå, vart nemnd i 1552.

Jacob Lauritssøn vart nemnd som prest i 1562 og 1570.

Laurits Pederssøn vart nemnd som prest i 1585.

Christopher Erikssøn Glad, d.ca.1619 var prest i Vågå 1596-1619. Christopher Glad var fyrst sogneprest i Øyer, nemnd i 1585. Christopher Glad var gift med Aaste Torstensdatter Morsing, dotter av Ringebu- og deretter Gran-presten Torsten Søfrensen Morsing og Anne Amundsdatter. Aaste Torstensdatter døydde som enkje i Vågå i 1630. Christopher Glad og Aaste Torstensdotter hadde 6 barn:

Erik Glad, neste prest

Søren Glad, f.før 1595 d.ca.1668. g.m. Karen Jonsdatter Skanche. Til Bergen eller Sogn.

Knud Glad, 1595-1657, g.m. Karen Nielsdatter Kolding d.1628, g.2.m. Maria

Berthelsdatter Mule. Hadde i 2. ekteskap bl.a. sonen Hans Knudsen Glad 1645-1710 som var far til Maria Hansdatter Glad 1687-1705 som var gift med sorenskriver Henrik Jacobsen Schmidt på Sunde.

Anne Glad d.1631, g.m. Christen Bertelsen Mule, sogneprest i Vågå 1627-1643.

Karen Glad d.etter 1668, g.m. Simon Nielssøn borger i Bergen, fogd i Sogn.

Kristen Glad, g.m. Mogens Skanche, d.1675, prest i Luster

Erik Christopherssøn Glad, f.ca.1590 d.ca.1627. Overtok som prest i Vågå etter faren i 1619.

Christen Bertelsen Mule, f.ca.1600 d.1643. Christen B. Mule var son til Bertel Christenssøn Mule som var rådmann i Oslo 1594, borgermester der 1604-1610 og lagmann til Opplandene frå 1610, mora var Sidsel Olufsdatter. Christen Mule var kapellan i Vågå frå 1624 og prest 1627-1643, han overtok etter svogeren Erik Glad. Christen vart 1624 gift med Anne Christophersdatter Glad d.1631. Christen og Anne hadde 5 barn, bl.a.:

Bertel Mule, var den i fyrste ekteskap som var i live i 1634, i Solvorn i 1668
Christen vart gift på nytt ca. 1632 med Else Michelsdatter d.1659. Else gifta seg på nytt med neste sogneprest i Vågå, Frederik Nilssøn Glostrup. Christen og Else hadde 4 barn:

Michel Mule, utenlands i 1659.

Anne Mule, 1636-1698, g.m. kaptein Jacob Michelet, på Hjellum i Vang.

Karen Mule, d.etter 1659.

Margrethe Mule, d.etter 1696, g.m. Otto Jacobsen, København d.1690, prest på Norderhov

Frederik Nielssøn Glostrup f.ca.1610 d.1667 var son til Niels Simonsen Glostrup 1585-1639, biskop i Oslo 1617-1639, og Anne Andersdtr. frå Bremerholm. Frederik var sogneprest i Vågå 1643-1667. Han vart gift med Else Michelsdatter d.1659, enkja etter den førre presten. Frederik og Else hadde 1 barn:

Anna, gift med neste sogneprest i Vågå Eggert Christenssøn Stockfleth.

Eggert Christenssøn Stockfleth, Fron 1635-1681 var son til Christen Mogenssøn 1600-1654, som var fogd i Gudbrandsdalen i perioden 1642-1653, og Cathrine Eggertsdatter Stockfleth, Haderslev i Danmark f.1610. Eggert Chr. Stockfleth var fyrst kapellan hjå Glostrup før han var prest frå 1667 til 1681. Eggert vart gift med Anna Frederiksdatter Glostrup som var dotter til førre presten, dei hadde 2 barn:

Martha Eggertsdatter, g.m. Fron-presten Otto Munthe.

Else Cathrine Eggertsdatter, 1672-1757, g.m. Anders Sigvardssøn Munch, 1668-1737, sogneprest i Vågå 1722-1737.

Henning Sigvardssøn Munch, Lesja 1646-1694 son til sogneprest på Lesja Sigvard Engebretssøn Munch, fra Storhove i Fåberg 1590-1694 og Anna Jørgensdatter Marstrand frå Grytten. Kapellan i Vågå hjå sogneprest Eggert Stockfleth frå 1673 og sogneprest i Vågå i 1681-1694. Henning var gift med enkja etter Eggert Stockfleth, Anna Frederiksdatter Glostrup, dotter til sognepresten i Vågå, Frederik Glostrup 1643-67. Henning og Anna hadde 1 barn:

Eggert Henningsøn Munch, d.1764 i Fredrikshald, målar

Frederik Frederikssøn Grüner, Christiania 1665-1741 var son til myntmester i Christiania Frederik Peterssøn Grüner f.1628 og Margrethe Boyesen 1625-1718. Grüner var prest i Vågå 1697-1700, etter dette var han prest i Hedrum i Vestfold. Grüner vart 1696 gift med Anna

Hedvig Housmann, Segeberg 1676-1736 dotter til tollar i Ribe Frederich Housmann og Anna Margreth Novocken. Frederik og Anna hadde 3 barn:

Uldrick Fridrich f.1698, fogd i Stjør- og Værdalen.

Christian Fridrich f.1699, oberstløytnant.

Anthonetta Amalia f.1701

Frederik vart 1737 gift på nytt med Sophia Charlotte Arctander, Viborg/Danmark 1717-1784 dotter til kjøpmann Nils Justsson Arctander og Sophie Dorothea a Møinichen. Sophia vart gift på nytt med prest i Hedrum Henrik Wissing Ørsted.

Wilhelm (Willum) Christianssøn Dop (Dopp), Sandherred f.ca.1652 d.1722 son til prest i Sandherred Christian Willumsen Dopp, Roskilde, 1619-1668 og Maren Olsdatter Prytz.

Wilhelm Dop var prest i Vågå 1700-1721, før dette var han prest i Hedrum. Wilhelm Dop vart 1680 gift med Pernille Hansdatter Iversen, Skien f. 1662, dei hadde 7 barn:

Hans Iver Dop 1686-1761, ugift, på Elverum.

Maren Dop f.1688, g.m. Hans Tanche, sogneprest i Høiland.

Else Dop, g.m. Christopher Tanche, sogneprest i Norddalen,

Boel Christine Dop, g.m. Peder Reutz, kapellan i Ørskog.

Malene Dop d.1729, g.m. kapellan Ole Olsen Meldal, i Ringsaker,

Christian d.1731, g.m. Inger Frantzdatter Cold d.1770, kaptein, til Bragernes Drammen.

Andreas 1698-1762, døde på Elverum i 1762, sersjant i hæren, på Elverum.

Andreas Sigvardssøn Munch 1668-1737 son til sogneprest på Lesja Sigvard Engebretssøn Munch, Fåberg 1590-1694 Anna Jørgensdatter Marstrand. Munch var prest i Vågå 1722-1737, før dette var han prest i Dollerup på Jylland. Andreas Munch var gift med Else Cathrine Stockfleth, dotter til prest i Vågå Eggert Stockfleth og Anna Frederiksdatter Glostrup.

Andreas og Else hadde 7 barn:

Sigvard d.1747, kapellan i Vågå frå 1729, sogneprest i Haa frå 1733.

Eggert, skift namn til moras familienamn Stockfleth, sorenskriver i Rakkestad.

Anna 1704-1793, g.m. Jens Johanssøn Borchsenius 1709-1763, kapellan i Vågå, prest i Luster og Nes/Gol.

Anna Sophie 1712-1761, g.1.m. Jacob Jacobsen Schmidt d.1742, g.2.m.

sorenskriver i Gudbrandsdalen, Carsten Hauritz f.ca.1714 d.1761

Else Cathrine, g.m. Laurits Leganger, prost og sogneprest i Aremark.

Frederikke Mariane, g.m. Lars Frisach, sogneprest i Kråkstad,.

Mariane, g.m. Bastian Engelhardt, prost og sogneprest til Rendalen,.

Herman Hermanssøn Treschow, Trondheim 1705-1774 son til Herman Treschow, Stege på Møen i Danmark 1665-1723 og Mette Margrethe Mathiasdatter Krenchel 1665-1727. (Faren Herman var postmester i Trondheim og generaltollforvaltar nordanfjells, han eigde Lade i Trondheim og ei tid ¼ part av Lesja verk). Herman var sogneprest i Vågå 1737-1745, han kom seinare til Søllerød på Skjelland. Han vart 1735 gift med Anne Schelderup Arentz, dotter til Hans Petter Arentz og Susanne Ottersdatter Schreuder. Herman og Anne hadde 4 barn:

Herman H. Treschow 1739-1816, adlet i Danmark 1812 der han var konferensråd og amtmann i Roskilde. Sonen Willum Frederik Treschow er stamfar til den norske

greina av Treschowfamilien.

Susanna Marie f.1742.

Mikael 1741-1816, g.m. Marie Elisabeth Wasserfall. Sekretær i det danske kanselli og assistent i høgsterett.

Christine f.1746.

Johan Mikkelsen Storm, Christiania 1712-1776 var son til smed Mikkel Kjeldsen og Sophie Elisabeth Henriksdatter Storm. Storm var prest i Vågå 1745-1776, før dette var han kapellan i Lom og feltprest ved søndenfjeldske gevorbne Infanteriregiment. Johan Storm var gift med Magdalena Axelsdatter Stub, Christiania 1720-1747 dotter til Axel Larssøn Stub og Kirsti Jørgensdatter. Johan og Magdalena hadde 3 barn:

Sofie Elisabeth 1741.

Axel f.1744, prest i Drammen.

Christine 1746-1825, g.m.Peder Munch, sogneprest i Vågå.

Johan Storm vart gift på nytt med Ingeborg Birgitte Røring, Christiania 1718-1760 dotter til sorenskrivar Edvard Røring og Giskan Leth frå Odalen.Johan og Ingeborg hadde 4 barn:

Edvard 1749-1794, til København. Diktar.

Magdalena f.1750, ugift, døydde i Bergen 1820.

Gjedsken Edvardine f.1751, g.m. apoteker Ole Bornemann Bull, Bergen, besteforeldre til Ole Bull.

Elisabeth Cathrine f.1754.

Johan Storm vart 1761 gift for tredje gong med Johanna Magdalena Hauritz 1719-1782 dotter til sorenskrivar i Vågå Nils Hauritz 1684-1757 og Maren Tostensdtr.

Peder Sørensen Munch, Christiania 1740-1802 var son til Søren Rasmussen Munch 1686-1748, trelasthandler og kapteinløytnant i Kristiansand og Kristine Edvarda Røhring 1709-1784 (syster til Ingeborg). Peder var prest i Vågå 1776-1786, før dette var han kapellan i Ringebu seinare sogneprest til Land. Peder Munch vart 1768 gift med Christine Johansdatter Storm, Vågå 1746-1825 dotter til den førre presten. Peder og Christine hadde 11 barn:

Jacobine Edvardine f.1770, g.m.Marcus Frederik Bang Wang, Røros 1760-1814, prest i Vågå.

Christine f.1772, g.m.løytnant Ole Pedersen Aanderud på Toten.

Magdalena 1773-1776.

Ingeborg Birgitte f.1774, g.m. prokurator Rasmus Gjøde Søegaard, København, dei budde på Sel. Seinare sorenskriver i V.råbyggelaget.

Severine f.1775, g.m. landkremmar Nils Brager i Land.

Magdalena 1777-1829, g.m. enkjemann Jens Jensen Trondhuus d.1845, han var g.1.m.

Ingelev Sørum d.1813, han var g.3.m Marit Iversdotter Blessum

Johan P. Storm Munch 1778-1832, biskop i Kristiansand, forfattar

Edvard f.1780, g.m. Johanne Sophie Hofgaard. Prest, bestefar til Edvard Munch.

Gidsken 1781-1859, ugift.

Elisabeth Cathrine 1782-1783

Catharina f.1783, g.m. søskenbarnet Søren Wang bakar i Christiania, i hans 2. ekteskap. Søren 1785-1786.

Johan Henrik Reinhardt, Helsingør 1734-1802, faren var borgar av Helsingør. Reinhardt var prest i Vågå 1786-1802, før dette var han kapellan i Fredrikstad og prest i Rendalen.

Reinhardt var gift med Else Marie Momsen, f.ca.1741, dei hadde 8 barn:

Momm Mouritz f.ca.1775, kapellan i Vågå i 1801.

Christian f.1777, hadde u/ekteskap med ugifte Johanne Røen sonen Christian f.1799.

Johan f.1776, i København i 1801.

Peder Abraham f.1780.

3 sønner (navn ukjent) som var i København 1801

1 dotter, ho hadde dottera Else Kari Lund f.ca.1789.

Marcus Frederik Bang Wang, Røros 1760-1814 son til kolfut i Holtålen Røros, Esten Markussen Wang og hans 2. ektefelle Magdalena Maria Larsdatter Leth Møller. Bang Wang var prest i Vågå 1803-1814, før dette var han kapellan i Land og prest i Trysil. Wang vart 1791 gift med Jacobine Edvardine Pedersdatter Munch 1770-1853 dotter til prest i Vågå Peder Munch. Dei hadde 7 barn:

Peder Munch Wang 1792-1842, skodespelar.

Christine Storm Wang f.1793, g.m. Anders Trosdahl, lensmann i Vågå.

Eistin Wang 1795-1880.

Søren Wang f.1797, g.m. Marit Knudsdatter Moen.

Johan Storm Wang, f.1800, diktar.

Edvard Storm Wang 1802-1871, g.m. Andrine Trulsdtr. Rytterager/Ellingsen f.1804, kontrollør for Statens brennerier, til Halden

Marcus Frederik Bang Wang 1803-1835, g.m. Susanne Eggum, handelsmann til New Orleans i 1835.

Liv Bork Fietzentz, Trondheim 1768-1830 son til Josias Fietzentz og Elenora Hedvig Borch. Fietzentz var prest i Vågå 1815-1830, før dette var han kapellan i Slidre og Norderhov. Liv Fietzentz vart 1804 gift med Stinchen Poulsdatter Schioldager 1750-1811 dotter til fejarinspektør i Trondheim Poul Christian Schioldager og Lydia Raanes 1724-1773.

Hans Peter Schnitler Krager, Meldalen på Grevstad, 1794-1855 son til res.kap. ved domkyrka i Trondheim Peter Schnitler Krag 1759-1818 og Sophie Christine Schnitler, Nettet 1766-1840. Hans P. S. Krag var prest i Vågå 1831-1842, tidlegare var han kapellan på Stod og prest i Grong. Etter Vågå var Krag prest i Halden og Eidsvoll. Hans Krag vart 1820 gift med Hermanna Thomine Rogneby, Norderhov f.1798 dotter til major Thomas Rogneby og Bolette Andrea Schnitler. Dei hadde 9 barn:

Thomas Peter 1821-1887, lærar ved Sjøkrigsskolen.

Bolethe Sophie Elisabeth Wilhelmine 1823-1896, lærarinne ved Christiania Katedralskole.

Peter Rasmus 1825-1891, g.m. Frederikke Petrine Fyhn, Meldalen, ingeniørkaptein og veganleggar, i Kristiansand, foreldre til forfattarane Vilhelm og Thomas Krag.

Sophie Frederike Randine f.1827.

Hans Hagerup Krag 1829-1907, vegdirektør 1874-1903

Marie Dorthea 1832-1919, g.m. Nicolai Otto Knudsen, adjunkt Trondheim Lærde Skole.

Maren Oline f.1834.

Ole Herman Johannes Krag 1837-1916, direktør for Kongsberg våpenfabrikk, konstruerte saman med Erik Jørgensen Krag-Jørgensen-geværet

Hanna Hermana Baltsazara f.1841.

Erik Gløersen Selmer, Christiania 1805-1882, son til kaptein Jens Andreas Selmer 1776-1830 og Marie Magdalena Gløersen 1784-1853. Selmer var prest i Vågå 1842-1882, tidlegare var han prest i Bakke i Kristiansand. Selmer vart 1831 gift med Marie Elisabeth Holmen. Erik og Marie hadde 6 barn, av desse:

Jens Andreas 1832- 1916.

Marius Maximillian 1833-1916, skogdirektør.

Andrea f.1821, budde som ugift i Vågå i 1865/75.

Ernesta Wilhelmine Hadolina, f.1844.

Jens Gerhard Holmboe, Sem Vestfold f.1837. Han vart ca.1863 gift med Erasmie Johanne Wraamann, Borge i Lofoten 1837-1911. Holmboe var prest i Vågå 1883-1905, tidlegare var han kapellan i Skedsmo og prest på Lesja. Jens og Erasmie Johanne hadde 11 barn:

Augusta Mariane 1865-1944, ugift lærarinne i Vågå.

Hans Nicolai Wraaman 1866-1905, g.m. Emma Nickelsen 1866-1938. Lege Aremark/Ørje Didrikke (Dikka) 1868-1941, g.m. Paul Nikolai Olsen, Vågå 1867-1931. Han var sakfører og sorenskrivar i Vågå, budde på "Vetl-Svee".

Mina Gerhardine f.1869, g.m. Anton Wilhelm Scheel Heiberg, Christiania. På Vettakollen. Kristoffer Andreas f.1871, g.m. Hanna Høegh, Molde. Til Rjukan og Vestre Aker.

Gjertrud Petra f.1872, g.m. Lorentz Johan Lossius, Molde 1871-1901, g.2.m. fetteren

Gustav Kristoffer Wilse, postmester i Kina. I Borre Vestfold etter at dei kom attende.

Hanna, f.1874, g.m./skilt Gustav Adolf Tornberg, Liatorp i Sverige. Til Christiania.

Theodor, f.1875, g.m. Frederikke Wilhelmine Strøm, Trondheim. Apoteker i Trondheim.

Maria, f.1877, g.m. Tobias Brodtkorb Bernhoft, Strinda. Til Christiania.

Otto, f.1879, g.m. Hanna Hildur Lise Lindsay von Julin, Fiskars Bruk i Finland. Til Christiania. Lege,

Jens Gerhard, f.1880, g.m. Marie Kristine Hannestad, Vardø. Til Christiania. Major.

Richardt Moe, Holmestrand 1848-1909 son til skomakermester Truls Moe og Oline Nielsen. Moe var prest i Vågå 1905-1908, han var tidlegare prest i Lekø i Namdalen og Haram på Sunnmøre. Richardt vart 1878 gift med Augusta Gulli, Holmestrand f.1855. Richardt og Augusta hadde 11 barn, av desse levde 9 – 3 sønner og 6 døtre.

Leonard Larsen Næss, Beiarn 1855-1940 var son til gardbrukar Lars Hansen Næss og Karen Thorsteinsdtr. Næss var prest i Vågå 1909-1928, han var tidlegare prest i Bjarkøy, Norddal og Elverum. Etter Vågå flytta Næss til Oslo. Næss omsette bibelen til nynorsk i 1921 og salmeboka i 1925. Næss vart 1886 gift med Elise Olsdatter Amble, f.1852 dotter til fogd på Helgeland Ole Amble og Ida Thomine Frederikke Hansdtr. Leonard og Elise hadde 5 barn:

Eva f.1887, g.m. skulestyrar Ola Vigerust, Dovre.

Tordis f.1888, g.m. Mr. Waterston i England.

Olaug f.1890, ugift, budde på Ringebu.

Rannveig 1894-1918, ugift, i Vågå.

Leif f.1896, g.m. Martha Marke. Til Stockholm, han var skuespelar og teaterinstruktør.

Karl Eugen Birkelund d.1938 var prest i Vågå 1928-1938. Han var tidlegare i Hyllestad / Valle i Aust-Agder. Karl Birkelund var gift med Hanna og dei hadde 4 barn:

Gerd f.1915, g.m. Krag frå København av slekta til Vågåpresten H.P.S.Krag.

Anne-Marie f.1916

Karin f.1918

Arne E. f.1920

Ivar Sjaastad 1900-1980 var prest i Vågå 1939-1942 og 1945-1965. Ivar Sjaastad var son til Olaf Herman Sjaastad 1869-1944 og Marta Fostad 1869-1917. Sjaastad var sogneprest i Skjerstad 1927-39. Ivar Sjaastad vart 1926 gift med Inga Glomnes, Stryn f.1898, dotter av Mathias Glomnes 1869-1956 og Samuline Skrede 1870-1957. Ivar og Inga hadde 4 barn:

Ottar Magne f.1928, professor nevrologisk avd. sjukehuset i Trondheim.

Svanhild Vigdis f.1931, lærar i Vågå

Øystein Vigleik f.1933, dosent ved Veterinærhøgskolen.

Unn Elise f.1937, sosialsykepleier ved Radiumhospitalet.

Odd Carl Johan Skuthe f.1916 var prest i Vågå 1966-1976. Han var gift med Hjørdis f.1919.

Dei hadde 3 barn:

Kari f.1949

Jon f.1955

Per f.1959

Etter Vågå reiste Skuthe og familien til Løten.

Svein Raddum, f.1940 var prest i Vågå 1976-1985. Han var gift med Ann Odny d.1939. Dei har 4 barn:

Cecilie Raddum, f.1964.

.

.

Sverre

Familien Raddum flytta frå prestgarden i 1981. I 1985 reiste Raddum og familien til Grefsen menighet i Oslo, seinare var han prest på Svalbard.

Hans Hølmo 1874-1966 var forpaktar av Ullinsvin. Han var son til Syver Hølmo 1830-1921 og Anne Hansdtr. Gjelet 1833-1921. Hans var gift med Kari Storviksløkken 1877-1918. Hans overtok Hølmo i 1925. Hans og Kari hadde 7 barn:

Anne 1901-1992, g.m. Otto Bakke

Syver 1903-1995, Anne Spakrud 1903-1997. På Hølmo.

Johannes 1905-1984

Ragnhild 1908-1983, g.m. Svein Løkken

Jo f.1911, g.m. Ymbjørg Vang

Marit 1913-1989, g.m. Syver Synslien

Harald 1916-1997, g.m. Tora Sandbu

Forpaktar frå 1924 var Ola S Hjellum, Sel 1862-1948. Han var gift med syster til førre forpaktaren Mari Hølmo 1868-1955 dotter til Syver Johnsen Hølmo 1830-1921 og Anne Hansdtr. Gjelet 1833-1921. Ola og Mari dreiv nørdre Hølmo ca. 1916-1924. Ola og Mari hadde 4 barn:

Iver 1898-1981, neste brukar

Sigurd 1903-1977, g.m. Kari Åsen f.1925

Olaf 1905-1979

Anton f.1910, g.m. Inga Nilsen, Skjerstad i Nordland 1911-1994

Iver Hjellum overtok som forpaktar etter foreldra og dreiv fram til 1962.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar

Gunnar Ottosen, Jutulen 2011 og 2012: Prester i Vågå sogn

Norske gardsbruk 1953-1997

Hus 1920-talet og framover

Brenna – Brennmo. Guri Svare fekk i 1921 feste på ein parsell av prestgardsgrunn. Ho dreiv kafe der. Festet vart overført til Ole Strandsberg 1855-1942 i 1937. Ole var frå Ringsaker og var bakar, han var gift med Marthe Eriksdotter, Rommedal f.1858. I 1946 var det skifteskjøte frå Ole og Marthe Strandsberg til arvingar Kjellaug Lysgård og Erling Foss på buets hus på festa grunn med festerett på kr 3000. Huset vart seld til Andreas Øygard i 1948. Dette var festenr. 12, nå gnr. 66 bnr. 230, Pyntholvegen 8. Eit reistareal av gnr. 66 bnr. 43 Pyntholet vart overteke i 1966. Ruth Kari Arnøygard og Anna Marie Ramen overtok i 1979. Anne Marie Ramen f.1940 overtok i 1983.

Bokhandelen. Bertrand Narvesen fekk i 1919 feste på tomt på prestgards grunn. Festet gnr. 66 bnr. 1 festenr. 8 vart i 1985 overført til Steinar Holø, og i 1986 vidare til Einar Engum.

OKB. Vågå kommune fekk i 1921 feste på ei 1,3 da stor tomt, festenr. 11. Festet vart i 1943 overført til Ottadalen kommunale bilag. Dette var garasje og verkstad for OKB og låg i området som vart tomta til Karl O Kristiansen Matåkervegen 11. Festet vart sletta i 1962.

Matåkervegen 11. Karl O Kristiansen fekk i 1962 feste på tomt, festenr. 102, nå gnr. 66 bnr. 273.

Brændheim. Jakob Husehaugen fekk i 1919 festekontrakt frå presten. Dette var festenr. 41, nå gnr. 66 bnr. 235, Pyntholvegen 10. Ragnvald Haugen overtok med festekontrakt i 1947.

Anders Bakkens tomt. I 1921 fekk Anders Bakken feste på tomt på prestgardsgrunn. I 1924 var det pantobligasjon frå Andrs Bakken og Jakob Joten med pant i verkstadbygning og maskiner. Dette var festenr. 13, nå gnr. 66 bnr. 274, Pyntholvegen 12 der musikkpaviljongen er.

Bjørklund. I 1922 fekk Ola Enge festekontrakt frå presten. Dette var feste nr. 14, nå gnr. 66 bnr. 204, Pyntholvegen 5.



Vågåmo ca. 1960.

Lauvmo. Otto Bakke fekk festekontrakt frå presten i 1926. Feste nr. 19 vart 1969 overført til Helge og Annelise Bakke, og i 1989 til Kåre Bakke, Helge Bakke og Kari Storvik. Nå gnr. 66 bnr. 206, Pyntholvegen 14.

Pyntholvegen 7. Olaf Nyløkken fekk festekontrakt frå presten i 1927. I 1933 var det skjøte på hus på festa grunn frå Olaf Nyløkken til Jan Steinum. Dette var festenr. 20, nå gnr. 66 bnr. 243,.

Maurstad. Jakob Jotun fekk festekontrakt frå presten i 1929. Gnr. 66 bnr. 1 festenr. 22, Pyntholvegen 9. Festet vart overført til Per P Skeidsvoll i 1973.

Grindstugulego 2. Hans O Kleiven fekk i 1945 feste på tomt, festenr. 32. Dette er nå gnr. 66 bnr. 213. Tomta vart delt i 1969 med feste til Jan Yngve Kleiven, gnr. 66 bnr. 1 f.nr. 190, **Pyntholvegen 11.**

Stenrud – Teigastugu. Ragnhild Spakrud fekk festekontrakt frå presten i 1925. Etter at ho reiste til Amerika var huset bortleigd til Kristian Maristugu og Jo Einstulen som budde i kvar sin ende. I 1946 var det skjøte på husa på Stenrud frå Ragnhild Spakrud v/Anton Teigen som hadde skriftleg fullmakt, til Jo Einstulen for kr 2500. Jo Einstulen var gift med Ragnhild Blankenborg, dei hadde 3 barn: Olav, Kåre, Reidar. Dette festenr. 18 som Jo Einstulen overtok i 1946 vart sletta i 1949, han fekk da ny kontrakt med feste nr. 48. Dette er Grindstugulego 6, nå gnr. 66 bnr. 231. Gnr. 66 bnr. 1 festenr. 195 vart frådelt i 1970 med festekontrakt til Kåre Einstulen. Dette er **Grindstugulego 4.**

Kjelder: Gunhild og Dag Valde Aasheim

Pyntholvegen 13. Truleg var det inne på denne tomte eit hus der Ola og Mari Skreppholet budde. Etter dei budde Toline Øyen der, sidan Nanna Øygarden og til slutt Jo Ringneset.

Kjelde: Gunhild og Dag Aasheim

Knut Bjørnstad fekk i 1949 feste på tomt, festenr. 47. Dette er nå gnr. 66 bnr. 214.

Pyntholvegen 15. Iver Hølmo fekk i 1949 feste på tomt festenr. 44. Festet vart i 1953 overført til Karen Steine. Dette er nå gnr. 66 bnr. 258.

Stenshagen. Hans Ødegården fekk i 1929 festekontrakt frå presten. Dette var feste nr. 23 hjå Hans og Amanda Øygard, foreldra til Leif, Jon, Kåre og Randi. Pyntholvegen 16 gnr. 66 bnr. 277 er nå ein del av Vågåheimen.

Brennvegen 5, gnr. 66 bnr. 1 f.nr. 71. Kolbjørn Amundgård fekk i 1956 feste på tomt. Festet vart 1989 overført til Arvid Aukrustrædet.

Pyntholet gnr. 66 bnr. 43 vart frådelt frå prestgarden i 1919 med skjøte til Vågå kommune i 1936. Bnr. 74, 75 og 76 vart frådelt i 1946 og bnr. 120 i 1966.

Kolbotn gnr. 66 bnr. 76 vart i 1946 frådelt frå gnr. 66 bnr. 43 Pyntholet med skjøte i 1947 til Ola A Damstuen. Den andre delen av tomte fekk han feste på i 1950. Dette er Pyntholvegen 4.

Funnebø gnr. 66 bnr. 74, Pyntholvegen 3, vart frådelt frå Pyntholen gnr. 66 bnr. 43 i 1946 med skjøte i 1947 frå Vågå kommune til Erland Flaten d.1987. Enkja Ragnhild fekk hjemmel ved uskifte i 1987.

Brende gnr. 66 bnr. 75, Pyntholvegen 1 b-c, vart frådelt frå Pyntholet gnr. 66 bnr. 43 i 1946 med skjøte i 1947 til Kristian Maristuen.

Pyntholveggen 6, gnr. 66 bnr. 120 vart frådelt frå bnr. 43 Pyntholet i 1966 med skjøte frå Vågå kommune til AS Eidefoss. Johannes Gjestad f.1938 hadde skjøte frå 1973 til 1975 da Eidefoss overtok att. I 1975 var det skjøte til Baard Lykstad f.1910 og Gudny Lykstad f.1912, Bård Bernhard Lykstad f.1950 overtok i 1988. Eidefoss kraftanlegg fekk i 1921 feste på delar av denne tomta, festenr. 10 (nå gnr. 66 bnr. 237), Bård Bernhard Lykstad overtok festet i 1988.

Pyntholveggen 2, Svein Løkken fekk i 1947 feste på tomt, festenr. 40. Festet vart overført til Finn Pettersen i 1987. Dette er nå gnr. 66 bnr. 255. I seinare år er det bygd leiligheiter her.

Edvard Storms veg 8. Thorleif Andersen fekk i 1952 feste på tomt, festenr. 57. Nå er dette gnr. 66 bnr. 256.

Edvard Storms veg 12. Eidefoss kraftanlegg fekk i 1951 festekontrakt på tomt Strømstad 1115 m2, festenr. 51. Truleg er dette nå gnr. 66 bnr. 221 og 222.

Jutulveggen 4. Olaf Jacobsen fekk i 1952 feste på tomt, festenr. 53. Festet vart i 1954 overført til Bjørn Valde Aasheim. Dette er nå gnr. 66 bnr. 252. Tomta vart i 1988 delt med feste til Beret Slåen og Nils Valde Aasheim, dette er **Pyntholveggen 1 A** gnr. 66 bnr. 225.

Jutulstad. Ragnhild Runningen fekk i 1931 festekontrakt frå presten på denne tomta. Festet gnr. 66 bnr. 1 f.nr. 25 vart i 1952 overført til dottera Ranveig Sandbu. Dette er Jutulveggen 6.

Jutulveggen 8. Marisletta. Anne Erlandsen fekk festekontrakt frå presten i 1927. Anne Sandbakken 1875-1954 var dotter til Johannes Johannesen og Kari Gudbrandsdtr. Sandbakken. Anne var gift med bakar Edvard Erlandsen og dei hadde bakeri på tomta. Amund Sandviken overtok festet nr. 21 i 1951. Erling Mork kjøpte huset i 1962 av Amund Sandviken. Dette er nå gnr. 66 bnr. 263.

Steinmo, Jutulveggen 10. Anders Resvold fekk i 1929 festekontrakt frå presten. Festet nr. 24 vart overført til Gudor Gundersen i 1947. Dette er nå gnr. 66 bnr. 265.

Jutulveggen 12. Johan Jotun fekk i 1936 festekontrakt frå presten på denne tomta, festenr. 28. Dette er nå gnr. 66 bnr. 281.

Brennveggen 7. Syver Synslien fekk i 1937 feste på tomt, festenr. 29. Dette er nå gnr. 66 bnr. 279.

Edvard Storms veg 14 og 16, gnr. 66 bnr. 1 f.nr. 45. Eidefoss kraftanlegg fekk i 1949 feste på tomt. Dette er ein tomannsbustad.

Jutulveggen 5. Vågå brannkasse fekk i 1955 feste på tomt, festenr. 64. Truleg var dette tomta til brannstasjonen, nå gnr. 66 bnr. 240.

Jutulvegen 7. Røyse. Knut Rudistuen fekk i 1935 feste på tomt, festenr. 27. Dette er nå gnr. 66 bnr. 208.

Jutulvegen 9. Ola Oppheim fekk i 1948 feste på tomt, festenr. 42. Dette er nå gnr. 66 bnr. 261.

Jutulvegen 11. Oskar Blankenborg fekk i 1947 feste på tomt, festenr. 36. Dette er nå gnr. 66 bnr. 247.

Jutulvegen 13, gnr. 66 bnr. 1 f.nr. 39. Lars Djuvstad fekk i 1947 feste på tomt. Festet vart i 1991 overført til Dag Djuvstad.

Jutulvegen 15. Sigurd Granrud fekk i 1947 feste på tomt, festenr. 38. Dette er nå gnr. 66 bnr. 254.

Dompe 2. Ivar Sæta fekk i 1955 feste på tomt, festenr. 67. Dette er nå gnr. 66 bnr. 269.

Dompe 4. Fru skogforvalter Wolrath fekk festekontrakt i 1916 med utviding av tomta i 1918. Dette hadde festenr. 7, i 1955 vart det ny festekontrakt nr. 70 til Statens skogvesen og den gamle festekontrakta vart samtidig sletta. Dette er gnr. 66 bnr. 216.

Dompe 8. Per Nyhagen fekk i 1949 feste på tomt, festenr. 46. Dette er gnr. 66 bnr. 259. Tomta vart delt i 1986, **Dompe 10** er gnr. 66 bnr. 260.

Dompe 12. Lars Bråten fekk i 1957 feste på tomt, festenr. 76. Dette er nå gnr. 66 bnr. 262.

Dompe 14. Oskar Waldemarsen fekk i 1957 feste på tomt, festenr. 75. Festet vart i 1961 overført til Harald og Aase Linberg. Dette er nå gnr. 66 bnr. 324.

Dompe 16. Agnes Spakrud fekk i 1957 feste på tomt, festenr. 77. Dette er nå gnr. 66 bnr. 268.

Dompe 5, gnr. 66 bnr. 1 f.nr. 97. Anders Gunderud fekk feste på tomt i 1961. Festeretten vart i 1964 overført til Syver og Marie Grasdalsmoen. Tor Hølmo fekk tinglyst pant til banken i 1989.

Brennvegen 8. Ola O Damstuen fekk i 1960 feste på tomt, festenr. 88. Dette er nå gnr. 66 bnr. 264.

Rugsvee 1, gnr. 66 bnr. 1 f.nr. 86. Vassdragsvesenet fekk i 1960 feste på tomt, festenr. 86. I 1965 vart tomta redusert med 2,2 da. Festet vart i 1971 overført til Vågå kommune, området vart auka att med 2,2 da og tomta vart delt i 6, d.v.s 5 nye festetomter:

Grindstugulego 1, gnr. 66 bnr. 1 f.nr. 194. I 1972 vart det oppretta ny festekontrakt til Håkon Høiberg, festenr. 194. Ektefelle Martha Høiberg f.1931 fekk i 1990 tinglyst hjemmel.

Grindstugulego 3. Knut Sæther fekk i 1983 festekontrakt, festenr. 198. Tidlegare var dette truleg eit kommunalt hus. Dette er nå gnr. 66 bnr. 346.

Grindstugulego 5. Asbjørn Tessnes fekk i 1971 festekontrakt frå Vågå kommune, festenr. 192. Dette er nå gnr. 66 bnr. 351.

Dompe 24, gnr. 66 bnr. 1 f.nr. 193. Vågå kommune fekk i 1971 feste på tomt.

Dompe 22, gnr. 66 bnr. 1 f.nr. 191. Torbjørn Berget fekk i 1971 festekontrakt frå Vågå kommune.

Brennvegen 10 – 12, Dompe 18 – 20. Oddrun Kvitrud Sveen d.1982 fekk i 1961 feste på tomt, festenr. 92. Kristian Sveen overtok hjemmel ved uskifte i 1982. Dette er nå gnr. 66 bnr. 338.

Dompe 17. Torkjel Brenna fekk i 1952 festekontrakt, festenr. 54. Festet vart i 1989 overført til Olav Brenna. Dette er nå gnr. 66 bnr. 246.

Dompe 15. Knut Smedsmo fekk i 1958 feste på tomt, festenr. 81. Dette er nå gnr. 66 bnr. 291.

Dompe 13, gnr. 66 bnr. 1 f.nr. 82. Norvald Kleiven fekk i 1958 feste på tomt. Festet vart i 1964 overført til Vågå kommune. I 1966 vart festet overført til Ingrid Karlsen.

Dompe 11. Jon Øygard fekk i 1960 feste på tomt, festenr. 89. Festet vart i 1991 overført til Lisbeth Øygarden og Erik Seppola. Dette er nå gnr. 66 bnr. 337.

Dompe 9. Simen Kleiven fekk i 1960 feste på tomt, festenr. 90. Dette er nå gnr. 66 bnr. 280.

Dompe 7. Ingvald Frydenlund fekk i 1960 feste på tomt, festenr. 91. Kan dette vera tomte som Ola Sagsletten bygde på, gnr. 66 bnr. 335 ?

Rugsvee 5. Jens Skogstad fekk i 1952 feste på tomt, festenr. 55. Festet vart i 1987 overført til Ivar Skogstad og Bente Røsdal. Dette er nå gnr. 66 bnr. 236.

Rugsvee 7, gnr. 66 bnr.1 f.nr. 66. Hans Ø Hølmo fekk i 1955 feste på tomt.

Rugsvee 9. Ola Einstulen fekk i 1953 feste på tomt, festenr. 59. Festet vart i 1985 overført til Thor Valbjør Løchen. Dette er nå gnr. 66 bnr. 330.

Rugsvee 11 gnr. 66 bnr. 1 f.nr. 61 Knut Fr. Ødegård fekk feste på tomt i 1953. I 1976 vart festet overført til Tora og Arne Juland 1925-1989.

Rugsvee 8, gnr. 66 bnr. 1 f.nr. 56. Erling Sagsletten fekk i 1952 feste på tomt.

Rugsvee 10. Olø Wiste fekk i 1953 feste på tomt, festenr. 58. Dette er nå gnr. 66 bnr. 250. Frå denne tomta fekk Ola Bodin frådelt tomt gnr. 66 bnr. 278 **Rugsvee 10 B.**

Rugsvee 12, gnr. 66 bnr. 1 f.nr. 65. Kari Flatmo fekk i 1955 feste på tomt. Festet vart i 1957 overført til Egil Herberg.

Rugsvee 14 gnr. 66 bnr. 1 f.nr. 72. Edvin Rusten d.1988 fekk i 1956 feste på tomt. Ektefelle Andrea Rusten f.1920 fekk i 1988 hjemmel ved uskifte.

Jutulheimen. Vågå historielag fekk i 1957 feste på 25 da, festenr. 79. Det har vore vaktmesterbustad i andre etasje av Øyastugu sidan 1961.

Halland 3. Hjalmar Moen fekk i 1963 feste på tomt, festenr. 115. Dette er nå gnr. 66 bnr. 211.

Halland 5. Kolbjørn Johansen fekk i 1963 feste på tomt, festenr. 116. Dette er nå gnr. 66 bnr. 210.

Halland 6. Trygve Kveen fekk i 1963 feste på tomt, festenr. 109. Dette er nå gnr- 66 bnr. 205.

Halland 7. Lars Kleiven fekk i 1963 feste på tomt, festenr. 118. Dette er nå gnr. 66 bnr. 244.

Halland 8. Audun Jordet fekk i 1963 feste på tomt, festenr. 119. Truleg var det dette, nå gnr. 66 bnr. 209

Edvard Storms veg 2. Vågå kommune fekk i 1956 feste på tomt 5,2 da, festenr. 73. Dette var truleg kommunehuset, nå gnr. 66 bnr. 276.

Edvard Storms veg 4. Eidefoss fekk i 1963 feste på 3,9 da tomt til administrasjonsbygg, gnr. 66 bnr. 1 f.nr. 120.

Matåkervegen 9. Kari Råstad fekk i 1948 feste på tomt, festenr. 43, nå gnr. 66 bnr. 270. Gnr. 66 bnr. 352 er frådelt i seinare tid.

Matåkervegen 7. Eidefoss fekk i 1957 feste på tomt, festenr. 78. Festet vart i 1976 overført til Helga og Jan Bakke. Nå er dette gnr. 66 bnr. 233.

Øvre Nordheradsvegen 6. Eidefoss fekk i 1955 feste på tomt, festenr. 66 bnr. 1 f.nr. 68. Dette har vore brukt som bestyrarbustad.

Bjørklund. Jo R Brun fekk festekontakt frå presten i 1922. Jo Brun 1890-1966 dreiv butikk saman med Mathias Haugen, men usikkert om det var her. Mathias var son til Imbjør Olsdr. Øygaardshaugen f.1868 og dermed bror til Ragnhild Øygaard på Veistad. Jo Brun var gift med

Anna Ø Sunde f.1895, dei hadde barna Ragnar 1919-2018 og Mari 1921-1985 g.m. Ole T Viste 1912-1976.

Festet vart i 1940 overført til Mathias Øyen. I 1965 vart festet overført til Marit og Olaf Nyløkken. Dette var festenr. 16, nå gnr. 66 br. 226, Vågåvegen 49 hjå Flækøy.

Finnerud. Torbjørn Bøje fekk i 1922 festekontrakt frå presten I 1923 overtok han stillinga som bestyrar av Vågå telefonselskaps hovudsentral som vart installert i huset. Dette festet nr. 15 vart i 1987 overført til Karen Gillebo som dreiv blomsterbutikk, nå parkering ved Coop gnr. 66 bnr. 220.

Edvard Storms veg 3. Eidefoss kraftanlegg fekk i 1941 feste på denne tomta, festenr. 30. Dette var administrasjonsbygget til Eidefoss, nå advokatkontor og rekneskapskontor.

Nordrum, Matåkervegen 5. Vågå kommune fekk i 1952 feste på tomt, festenr. 66 bnr. 1 f.nr. 50. Dette var bustad og kontor for doktor. Festet vart i 1984 overført til Sverre Lian som var tannlege.

Edvard Storms veg 5 og 7, Vågå kommune fekk i 1953 feste på tomt, festenr. 60. Tomta car 1400 m2 og vart i 1961 utvida med 380 m2. I 1954 var det leigekontrakt for sorenskrivarbustad og kontor frå Vågå kommune til Justisdepartementet Sorenskrivarkontor og bustad. Festeretten vart i 1966 overført til staten og det vart også skrivi skjøte frå Vågå kommune til staten. Dette er nå gnr. 66 bnr. 251.

Jutulvegen 2. Amund Sandviken fekk i 1961 feste på tomt, festenr. 93. Frå 1991 er dette gnr. 66 bnr. 202.

Jutulvegen 3. Leif Aasheim fekk i 1962 feste på tomt, festenr. 98, nå gnr. 66 bnr. 271.

Jutulvegen 1. Ola K Hovde fekk i 1962 feste på tomt, festenr. 99. Festet vart 1989 overført til Anita Hovde. Frå 1991 er dette gnr. 66 bnr. 201.

Edvard Storms veg 9, gnr. 66 bnr. 1 feste nr. 94. Torstein Haugen fekk i 1961 feste på tomt. I 1970 vart festet overført til Terje Lie.

Finndokkvegen 8, gnr. 66 bnr. 1 festenr. 100. Kristian Haraldseth fekk i 1962 feste på tomt. Festet vart i 1968 overført til A/S Eidefoss. I 1975 vart festet overført til Ådne Haraldseth f.1928 og Anna Haraldseth f.1923.

Kastbuvegen 1, gnr. 66 bnr. 1 f.nr. 95. Mari Snerle fekk i 1961 feste på tomt.

Kastbuvegen 3. Ivar Sjaastad fekk i 1962 feste på tomt, festenr. 101. Dette er nå gnr. 66 bnr. 229.

Kastbuvegen 2, gnr. 66 bnr. 1 f.nr. 113. Daniel Danielsen fekk i 1963 feste på tomt.

Kastbuvegen 4, gnr. 66 bnr. 1 f.nr. 125. Hans H Kleiven fekk i 1964 feste på tomt.

Kastbuvegen 6, gnr. 66 bnr. 1 f.nr. 111. Einar Bersvendstuen fekk i 1963 feste på tomt. Festeretten vart i 1987 overført til Kjell, Svein, Helge og Olav Bergnord.

Kastbuvegen 8, gnr. 66 bnr. 1 f.nr. 112. Erling Myrum fekk i 1963 feste på tomt.

Edvard Storms veg 15, gnr. 66 bnr. 1 f.nr. 114. Karl Lysne fekk i 1963 feste på tomt.

Dompe 1, gnr. 66 bnr. 1 f.nr. 123. Kjell Andersen fekk i 1963 feste på tomt. Festet vart i 1965 overført til Haldis og Georg Aasheim.

Dompe 3. Ola J Visdal fekk i 1962 feste på tomt, f.nr. 108. Dette er nå gnr. 66 bnr. 285.

Edvard Storms veg 18, gnr. 66 bnr. 1 f.nr. 122. Olav Tøfte fekk i 1963 feste på tomt.

Edvard Storms veg 20, gnr. 66 bnr. 1 f.nr. 117. Harald Plassen fekk i 1963 feste på tomt.

Edvard Storms veg 22, gnr. 66 bnr. 1 f.nr. 121. Hans H Holen fekk i 1963 feste på tomt.

Edvard Storms veg 24, gnr. 66 bnr. 1 f.nr. 124. Jon Sæta fekk i 1963 feste på tomt.

Finnkanten 26 gnr. 66 bnr. 1 f.nr. 69. Anders Resvold fekk i 1955 festekontrakt frå soknepresten. I 1963 vart festeretten overført til sonen Hans A Resvold og hustru Tora Resvold. Olav Gaute f.1944 og Sonja Vole overtok festeretten i 1969. Bjørn Sandviken f.1948 overtok i 1986.

Finnkanten 28. Sigurd Hjellum fekk i 1954 feste på tomt, festnr. 62. Dette er nå gnr. 66 bnr. 266.

Langskåre. Vågå kommune fekk i 1970 festekontrakt frå skogforvaltaren på Langskåret ca. 70 da til bustadtomter, gnr. 66 bnr. 1 f.nr. 131. Kommunen festa tomtene vidare utover 1970-talet. Dette er i Nørdre Langskåre, Søre Langskåre og Finnkanten: Gnr. 66 bnr. 1, f.nr. 132, 133, 138, 140, 146, 148, 153, 157, 172 og gnr. 66 bnr. 288, 295, 298, 299, 300, 302, 303, 305, 308, 310, 313, 314, 319, 344, 345, i Lokkarvegen og Hølvegen gnr. 66 bnr. 1 f.nr. 160, 179, 203 og gnr. 66 bnr. 287, 289, 290, 292, 293, 294, 296, 297, 301, 311, 312, 315, 332, 350 og i Kastbuvegen gnr. 66 bnr. 1 f.nr. 196 og gnr. 66 bnr. 304 og 326

Kastbuvegen 5, gnr. 66 bnr. 1 f.nr. 147. Ivar Lillebråten fekk i 1971 feste frå Vågå kommune på tomt.

Kastbuvegen 7 gnr. 66 bnr. 326. Bjørn Kleiven, ca 1970-talet.

Kastbuvegen 9 gnr. 66 bnr. 1 f.nr. 196. Odd Resvold fekk feste på tomt i 1986.

Kastbuvegen 10 gnr. 66 bnr. 304. Arne Damstuen, ca 1970-talet.

Kjelder:

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm

Digitalarkivet: kyrkjebøker, folketeljingar, panteregister

Hølen

Presten Johan Storm fekk i 1758 opsjon på eit jorde Hølen og fekk bygd der i 1761. Johanna Magdalena Hauritz 1719-1782 var enkje etter presten Johan Storm 1712-1776 og flytta inn på Hølen i 1777, saman med henne budde dei to ugifte stedøtrene

Magdalena 1750-1820

Gidsken 1751-, g.1779 med Ole Bornemann Bull

I perioda frå Johanna Storm døydde i 1782 framover var det truleg denne familien som hadde hand om Hølen som da truleg var bortleigd. I 1810 flytta prestenkja Christine Storm Munch 1746-1825 til Hølen, ho var også dotter til Johan Storm og halvsystem til Magdalena og Gidsken som hadde budd der tidlegare. Christine var gift med Peder Sørensen Munch 1740-1802 som var prest i Vågå 1776-1786, og svigermor til Marcus Frederik Bang Wang som var prest i Vågå 1803-1812. I 1816 flytta Christine til Dale på Sel som også var prestenkjesete.

Frå 1816 var Hølen klokkargard. Klokkar og lærar Ole Olsen Dille 1775-1854 frå Røros var gift med Maria Paulsdotter 1779-1857 frå Norderhov. Ole og Maria Dille hadde 4 barn:

Jens Cattlejon 1812-1841, til Nord-Fron

Kari f.1798, g.m. Sevald Eriksen Kittelstad, Skjåk, til Skjerstulen

Olea f.1800, g.m. Ole Bue

Johanne f.1805

Ole Olsen Hetlesæter f.1827 frå Stord kom til Vågå i 1856 og var klokkar og lærar her til 1863. I 1857 fekk han bytt slik at husmannen i nørdrø Grindstugu kom til Hølen og Grindstugu vart klokkargard. Ole Heltesæter var gift med Dorthe Cathrine Eliasdotter f.1821 frå Stord, dei hadde 7 barn:

Ole Helenius f.1849

Christian Henrik f.1851

Dorthias Reinert f.1852

Marie Elisabeth f.1855

Helena Oline f.1859

Olaf f.1863

Beate Sofie f.1865

I 1865 og 1875 var Johan Andersen f.1829 husmann med jord. Johan som tidlegare var i nørdre Grindstugu var son til Anders Johansen Grindstuen f.ca.1797 d.1850 og Anne Svendsdotter Ulsbu 1796-1847. Johan vart 1857 gift med Imbjør Johnsdotter Harildstadeie 1828-1898 dotter til John Hanse Harildstadeie. Johan og Imbjør hadde 2 barn:

Anne f.1858, ugift i Hølen i 1900, i 1910 vart ho nemnd som sypike og strykerske i ei eige stugu som vart kalla Hølhaugen

John f. 1861, neste brukar



Hølen. Foto frå Hølen samlinga.

John J Hølen f.1861 var i 1900 husmann og fraktkjører. Hølen gnr. 66 bnr. 45 vart frådelt frå prestgarden i 1925 med skjøte til Jo Hølen i 1926 for kr 3470. Jo(hn) var gift med Mari P Klonesbakken f.1855, dei hadde 5 barn:

Johan f.1888, neste brukar

John f.1891

Imbjør f.1891

Anne f.1893

Marit f.1895

Johan Hølen 1888-1972 overtok etter faren i 1928 med skjøte for kr 4000 inkl. lausøyre. Johan vart 1918 gift med Ymbjør Løkken 1886-1974. Dei hadde 3 barn:

Jo f.1918

Erling f.1924

Magne f.1927

Erling og Magne Hølen overtok etter faren i 1959.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar
Norske gardsbruk 1953 - 1997
Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.
Gunnar Ottosen, Jutulen 2014: Klokkere i Vågå
Gunnar Ottosen, Jutulen 2012: Prester i Vågå sogn etter 1745
Johan Storm Munch: opplysningar om Munchfamilien

Holtop

I 1865 og 1875 var Ole Gudbrandsen f.1826 d.etter 1900 husmann med jord og skreddar. Ved fødsel i 1852 var dei på Præstgaardseie som kan vera Holtop. Ole Gulbrandsen Sønstlien var son til Gulbrand Olsen Sønstlien. Ole vart 1853 gift med Anne Olsdotter Kleven 1818-1898 dotter til Ole Hansen Kleven. Også i 1900 var han husmann med jord og skreddar. Ole og Anne hadde 1 barn:

Ole 1852-1836

Ole Olsen Holtop var gift med Elisabeth Johnsdotter 1863-1927 frå Indalen, dei hadde 2 barn:
Anna Olie Holtop f.1881
John O Holtop 1883-1901

Holtop gnr. 66 bnr. 46 vart frådelt frå prestgarden i 1925 med skjøte frå kyrkjedepartementet til Østen Hølmo for kr 1040 i 1926.

Syver I Svare f.1893 kjøpe Holtopp av Østen Hølmo i 1928 og brukte det saman med Sælatunga. Syver Svare var son til Ivar O Svare og Ymbjør Hølmo.

Ymbjørg Grevrusten f.1934 dotter til Ivar Grevrusten 1903-1991 og Anna Svare 1903-1991 overtok etter onkelen i 1979. Ymbjør vart 1963 gift med Ola Barikmo, Nes på Romerike f.1934 son til Olav Barikmo f.1906 og Ester Arnestad f.1909. Ymbjørg og Ola har 2 barn:
Iver f.1963
Annelise f.1965

Kjelder:
Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar
Norske gardsbruk 1953 - 1997
Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Hølmo nørdr

Soldat Ole Jonsen f.ca.1765 d.1820 son til Jon Olsen f.ca.1736 og Malie f.ca.1739 vart i 1794 gift med Kari Hansdotter f.ca.1775 d.1822. I 1801 var Ole og Kari husmannsfolk på oppigard Kvarberg. Ole og Kari hadde 7 barn:

Jon 1795-1839, neste brukar

Synne f.1797

Malie 1799-1871, g.m. Jon Olsen Sjøremseiet f.ca.1784 d.1866, til søre Hølmo

Karen f.1802

Ole f.1805

Hans f.1810

Ole f.1815, til Horten

Jon Olsen Hølmo 1795-1839 vart 1822 gift med Gunhild Thorsdotter Spagerud f.ca.1797 d.1823. Dei hadde ikkje barn. Jon vart 1824 gift på nytt med Marit Larsdotter Rottenseie f.ca.1793, dei hadde 4 barn:

Gunild 1824-1830

Lars 1829-1830

Lars 1831-1833

Ole f.1837

Jon Olsen Hølmo bytte heim med John Syversen Garden i 1827.

John Syversen Garden 1797-1872 var gift med Else Svendsdotter Ulsbu 1799-1872. Truleg var ugifte Aaste Johnsdotter f.ca.1821 dottera, ho hadde sonen John Knutsen 1849-1896 (til Håkenstadøyen). John og Else hadde sonen:

Syver 1830-1921

I 1865 og 1875 var Syver Johnsen 1830-1921 husmann med jord. Han var gift med Anne Hansdotter Gjelet 1833-1921, dei hadde 9 barn:

Else 1855-1878, g.m. Ola Hagen, dei hadde sonen Østen 1875-1941

Jon 1857-1872

Anne f.1858, g.m. Ola Johnson Lundeeie Dahlen f.1853, til Amerika

Kari 1860-1939, g.m. Ola Ringneset 1862-1933, til Visdal

Imbjør 1864-1955, g.m. Ivar Svare, Sælatunga

Mari 1868-1955, g.m. Ola S Hjellum, dreiv Hølmo ca. 1916-1926

John 1871-1958, g.m. Marit J Hagen f.1870, til Skjedsvold

Hans 1874-1966, neste brukar

Ola 1879-1968, g.m. Kari Gravåmellom 1880-1949, til Otta

Hølmo gnr. 66 bnr. 47 vart frådelt frå prestgarden i 1925 med skjøte til Hans S Hølmo i 1926 for kr 1855. Hans Hølmo 1874-1966 var gift med Kari Storviksløkken 1877-1918, i 1910 budde dei på Hølmo medan familien i 1920 var forpaktarar i Ullinsvin. Hans og Kari hadde 7 barn:

Anne 1901-1992, g.m. Otto Bakke

Syver 1903-1995, neste brukar

Johannes 1905-1984

Ragnhild 1908-1983, g.m. Svein Løkken

Jo f.1911, g.m. Ymbjørg Vang

Marit 1913-1989, g.m. Syver Synslien

Harald 1916-1997, g.m. Tora Sandbu

Syver Hølmo overtok etter faren i 1928. Han vart 1930 gift med Anne Spakrud 1903-1997, dei hadde 1 barn:

Kari f.1936, neste eigar

Kari Hølmo var gift med Magne Aasheim f.1929 son til Nils Valde Aasheim og Rønnaug Hammerdalen, Lom. Kari og Magne overtok i 1980, dei hadde 2 barn:

Bente f.1954, smb Steinar Rundhaugen

Svein Arve f.1960, neste brukar

Svein var brukar frå 1990, han var sbm Mona Blixth, dei hadde 1 barn:

Thomas f.1994

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar

Norske gardsbruk 1953 - 1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.

Kåre Halvdan Bakke: Hølmo i Vågå, Hølmoslekta

Hølmo søre

Jon Olsen Sørumsejet f.ca.1784 d.1866 vart 1822 gift med Mali Olsdotter prestgardsejet nördre Hølmo 1799-1871 dotter til Ole Jonsen f.ca.1765 d.1820 og Kari Hansdr. F.ca.1775 d.1822. Ved fødsjar frå 1824 var Jon og Mali på søre Hølmo. Jon og Mali hadde 3 barn:

Kari f.1824, ho hadde sonen Nils Thorsen f.ca.1848 som også budde på Hølmo i 1875

Ole f.1828, neste brukar

Ole f.1836

Ole Johnsen f.1828 var i 1865 og 1875 husmann med jord. Han var gift med Anne Hansdotter f.1827, dei hadde 5 barn:

Kari f.1852

Hans f.ca.1854

John f.1857

Anne f.1866, neste brukar

Ole f.1869

I 1900 var den ugifte Anne f.1866 brukar av søre Hølmo sjølv om det var faren som vart nemnd som husmann. Også systera Kari f.1852 var ugift og budde heime. Anne f.1866 hadde dottera Kari f.1901, og i 1910 var det desse som budde på Hølmo saman med enkemannen Ole J Sten f.1877 som da var jernbanearbeidar.

Søre Hølmo gnr. 66 bnr. 48 vart frådelt frå prestgarden i 1925 med skjøte til Ole J Sten for kr 1300 i 1926.

I 1935 var det skjøte frå Ole J Stens dødsbu til Iver Hølmo for kr 2927.

I 1939 var det auksjonsskjøte til Syver Hølmo for kr 1500, og dermed vart bruket samanslege med nördre Hølmo.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar

Norske gardsbruk 1953 - 1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, folketeljingar, avskrifter pantebøker mm.